



Nynorsk

Til kyrkjelydar i Den norske kyrkja

OFFERSØKNAD FOR 2010

Norges KFUK-KFUM er ein kristen barne- og ungdomsorganisasjon med 16000 medlemmer. Me ynskjer å utvikla heile mennesket, med ånd, sjel og kropp, og vil utfordra til aktiv teneste i kyrkje og samfunn, nasjonalt og internasjonalt. Me søker difor kyrkjelyden dykkar om offer og forbøn.

I 2010 ynskjer Norges KFUK-KFUM mellom anna å:

- Gi barn og ungdom som tradisjonelt ikkje søker kyrkja, eit ope møte med Jesus gjennom eit variert, lokalt aktivitetstilbod og regionale og nasjonale festivalar.
- Gi barn og unge høve til å ta ansvar og til å utvikla samfunnsengasjement.
- Halda fram med å gi kyrkja leiarar.
- Vidareutvikla relevante konfirmantopplegg og gudstenesteverktøy.
- Hjelpa kyrkjelyden din i dei ulike fasene i trusopplæringa.

Norges KFUK-KFUM samarbeider aktivt med Den norske kyrkja i trusopplæringa. Det ynskjer me å halda fram med. Difor treng me støtte frå kyrkjelyden din og håpar at de vil gi oss offer. Slike gåver er til stor hjelp og inspirasjon. Eit offer kan setjast inn på konto: 3000 1713600.

Tekst til opplesing:

Offeret går i dag til Norges KFUK-KFUM, som er ein barne- og ungdomsorganisasjon med 16000 medlemmer over heile landet. Organisasjonen driv mellom anna med barnegospel, Ten Sing, ungdomsklubbar, idrett og leirverksemd. Den store takhøgda og den opne profilen i Norges KFUK-KFUM fører til at mange, som elles ikkje har kontakt med kristne miljø, får eit møte med Jesus. Gi ei gåve til Norges KFUK-KFUM og gi barn og unge trygge, kristne miljø der dei kan få utvikla hele seg! Tusen takk for støtte!

Med venleg helsing

Adelheid Firing Hvambdal
Generalsekretær
Norges KFUK-KFUM